



Nordre Holsnøy Hjortevald  
Sigve Eldøy

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/689 - 15/10087

Saksbehandlar:  
Marius Flemmen Knudsen  
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:  
21.05.2015

## Godkjenning av bestandsplan for Nordre Holsnøy hjortevald 2015-2016.

**Administrativt vedtak. Saknr: 169/2015**

### Saksutgreiing:

Vi syner til søknad motteke 21.05.2015 der Nordre Holsnøy hjortevald v/ Sigve Eldøy søker om å få godkjent ein ny bestandsplan for valdet, då plan for 2012-2014 har gått ut. Nordre Holsnøy hjortevald består av 11 jaktfelt, og har eit samla areal på 23181 daa. I førre planperiode var årleg tildeling 51 per år, til saman 135 dyr. I forslaget til ny bestandsplan søker valdet om ein årleg tildeling på 41 dyr per år i perioden 2015-2016, til saman 82 dyr. Målsettinga i planperioden er å drive ei kontrollert avskyting og stabilisere bestanden i valdet.

Dei ynskjer ein jamn fordeling mellom kjønns- og aldersklassene i avskytinga. Det blir lagt opp til følgjande fordeling; kalv 20 %, Bukk (1½ år) 25 %, Vaksne hodyr 40 % og vaksne hanndyr (2½ år) 15 %. Ved denne planlagde fordeling på kjønn og alder ynskjer valdet å stabilisere bestanden i valdet, samt å spare eldre bukkar.

### Vurdering:

Vald som har eit tellene areal som er 20 gonger minsteareal i kommunen kan etter forskrift om forvaltning av hjortevilt søkje om bestandsplan jf. § 19. Ein bestandsplane er eit juridisk dokument mellom kommunen og valdet, der valdet legg fram ein plan til avskyting for eit avgrensa tidsrom på deira areal. Bestandsplanen skal vere i tråd med kommunen sine mål for hjorteforvaltninga jf. § 19 for å bli godkjent. Innhaldet i ein bestandsplan skal legge fram ein oversikt over tal dyr som skal

fellast kvart år, samt ein fordeling av desse dyra på alder og kjønn. Det er viktig at alders- og kjønnsfordelinga i bestandsplanen ikkje fører til ein skeivhet i stammen.

Nordre Holsnøy hjortevald har redusert talet dyr dei søker om i sin bestandsplan . Dette har blitt hjort i samråd med administrasjonen i Meland kommune. Det har vore gjennomført ein reduksjon av hjortestammen i kommunen og ein ser klare teikn på at ein difor må redusera tal fellingsløyver. Det er viktig å gjera vurderingar av bestanden kvart år i forhold til mål satt for kommunen og for kvart vald i deira bestandsplan kvart år. Dette for å kunne gjere mindre justeringar i planen. Ein bestandsplan er eit viktig og godt verkemedel for ha ein langsiktig og stabil forvaltning der ein unngår store svingingar i bestanden. Valdet har hatt eit jamt utak dei siste åra, men reduksjonen i bestanden i Meland kommune må også tas inn vurderingane for denne planen. Det er lokale skilnader mellom dei ulike områda på øya, men reduksjonen i bestanden vises i alle vald.

Administrasjonen har gjort ein samla vurdering av forslag til bestandsplan og har komme fram til at forslaget til bestandsplan er godt. Det er gjennomført ein reduksjon i tal dyr i samråd med kommunen og andre vald. Det er lagt opp til ein jamn kjønns- og aldersfordeling i utaket. Administrasjonen meiner at planen er tilpassa bestandssituasjonen i kommunen, og har tatt inn den ønska reduksjonen. Administrasjonen vil derfor gå inn for at forslaget til bestandsplan difor godkjennast.

## Vedtak

«Meland kommune godkjenner Nordre Holsnøy hjortevald sitt forslag til ny bestandsplanen frå 2015 i 2 år, fram til og med 2016 Årleg avskyting vil vere 41 dyr pr. år, til saman 82 dyr i perioden. Meland kommune gjev årleg fellingsløyve som frie dyr, jf. § 19 i hjorteviltforskrifta, og avskytinga skal følgje alders- og kjønnsfordeling som lagt fram i søknaden.

Vedtaket vert gjeve på fylgjande vilkår:

1. Kvotefordelinga mellom jaktfelte gjerast som lagt fram i søknaden.
2. Grensa for avvik i høve bestandsplanen vert sett til 10%.
3. Nordre Holsnøy hjortevald må ta avskytinga i planperioden opp til årleg vurdering og gjera eventuelle endringar. Eventuelle endringar må godkjennast av Meland kommune.

Mislighald av avtalen kan medføre att kommunen seier opp avtalen og att valdet for komande år får tildelt løyver ut frå § 21 i hjorteviltforskrifta.

Grunnlaget for vedtaket kjem fram av saksutgreiinga. Vedtaket har heimel i § 19 i hjorteviltforskrifta.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen  
skog- og miljøkonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Mottakere:**

Nordre Holsnøy Hjortevald

Sigve Eldøy

